

Protokoll– Styremøte i Leikarringen i BUL Oslo

Innkalla: Torbjørn, Herborg, Simon, Elise, Elias, Synnøve

Invitert:

Fråverande: Tone

Skrivar: Elise

Dato: 5. desember 2023

Stad: Møterom Hulda hos BLS / Teams

Sak 1 – Godkjenning av protokoll

Vedtak: Protokollen blir godkjent og lagt ut på nettsida.

Sak 2 – Orienteringar og status

Vedtak: Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 3 – Reparasjon av langeleik

Vedtak: Styret set av kr. 5000,- til reparasjon av langeleiken, og ber om ei verdivurdering av ho mtp. potensielt sal av ferdig reparert leik.

Sak 4 – Søknadar

Vedtak: Styret godkjenner søknadane frå Oda og Hedda.

Sak 5 – Dansefestival Riksscenen 1.-4. februar

Vedtak: Spør Vegar om kurset kan ha tema "Dans deg gjennom folkedans-historia".

Plakater o.l. på Riksscenen?

Kan Leikarringen få rabatterte prisar for å delta? Rabatt for dei som er med på tysdagsøvinga?

Sak 6 – "Omprogrammering" av tysdagane

Vedtak: Me snakkar med instruktørane i BULder om å kutte øvingstida, og bruke dei til grunnkurs for å gi dei lønn for to timar. Me ønskjer å gå i dialog med Kaffistova om å ha eit kurs i forkant av folkemusikkpøbb

Sak 7 – Førebuing til årsmøte 27. februar

Vedtak: Torbjørn skriv eit utkast til årsmelding og sett i gang valnemda. Elise, Elias og Synnøve skriv eit utkast til arbeidsplan. Dei skal involvere Simon mtp budsjett når planane er klare. Dei skriv også eit utkast om medlemspengar og endring av fotskatt.

Me ønskjer å ha ope hus etter årsmøtet med boksmusikk. Om mulig ønskjer me å ha enkel bevertning.

Sak 8 – Endring av satsar for blomer

Vedtak: Prinsipp om blomer til gravferder blir endra frå kr. 500,- til kr. 700,- for medlemmar og frå kr. 1000,- til kr. 1200,- for heidersmedlemmar.

Sak 9 – Evaluering lønningspols

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering

Sak 10 – Ymse

Vedtak: Leikarringen ber NU skipe til instruktørkurs for røynde instruktørar i Oslo.